

VURDERINGSRAPPORT

Brekke barnehage og skule



Brekke barnehage og skule, 5961 Brekke, telefon 57 78 54 43

15. 03 – 18. 03. 2010

Inger Vårdal, Inger Nyland, Anne Grethe Dale og Anne Kari Iversen

Tema: Lesing som basisdugleik i barnehage og skule

1

FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

I skuleregion HAFS er det seks kommunar – Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Ut frå § 2-1 i forskrift til Opplæringslova (om Verksemdsbasert vurdering):

”Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene”,

vart det i 2005 av skulesjefane/skulefagleg ansvarlege i kommunane i Skuleregion HAFS vedteke å opprette eit vurderingsnettverk i regionen.

Mål: Ei vurderingsgruppe på tvers av kommunegrensene skal vere til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagane og skulane. Føremålet er mellom anna:

- Knyte saman god praksis i regionen.
- Erkjenning av at barnehagen og skulen treng, og kjem til å få «auge utanfrå».
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse.
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunane sitt ansvar for å sjå til at barnehagane og skulane jamleg vurderar si eiga verksemd.

Kven er vurderar ?

Førskulelærarar og lærarar frå alle kommunane i regionen er med i vurderingsnettverket. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 22 grunnskulane i regionen i løpet av 2-3 år, dvs. 8 skular pr år. 2-3 medlemar frå nettverket gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

Barnehagen og skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skuleeigar. Fokusområdet må ha utviklingspotensiale.

Fokusområdet vert meld inn til skuleeigar og vidare til prosjektkoordinator.

Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit samarbeid med barnehagen og skulen, med utarbeiding av kriterium, og metodeval og verktøy tilpassa det området dei ynskjer fokus på.

Vurderarane vitjar barnehagen og skulaen og gjennomfører kartlegging, observasjon, samtalar og intervju.

Det vurderarane ser og får vite vert spegla mot kriteriene for god praksis som ein har vorte einige med barnehagen og skulen om på førehand.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen og skulen, men vere eit bidrag til kva dei kan arbeide vidare med innan det fokusområdet som er vurdert. Det er ynskjeleg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen og skulen årleg arbeider med.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen (skuleeigar) og Skuleregion HAFS sin nettstad ein månad etter vurderinga.

2

FAKTA OM SKULEN

Brekke barnehage og skule ligg i sentrum av Brekke på sørsida av Sognefjorden og er ein av 4 skular i Gulen kommune. Barnehagen og skulen vart samlokaliserte i 1997. Bygningane er frå ulike årstal, men dei rammar inn eit lite "tun" Det er rundt 90 elevar på skulen, fordelt med om lag 60 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Det er 12 pedagogar, 3 assistentar og rektor som også vart styrar i barnehagen frå 2004. Barnehagen og skulen har felles kontorfullmektig i 26% stilling. I barnehagen går der 18 born. 2 av assistentane jobbar òg i barnehagen saman med 4 andre. I år har barnehagen ein lærling og det er 2 fagarbeidarar som deler den pedagogiske leiarstillinga. Kompetanseplanen i barnehagen viser ei satsing på IKT, tal, rom og form, ta barn på alvor, vurdering, leik og læring og overgang frå barnehage til skule. Kompetanseplanen for skulen viser ei satsing på elevmedverknad/elevansvar og auka læringsutbytte. Norsk som verkty / læringsstrategiar og tilpassa opplæring er prioriterte satsingsområde for skuleåret 2009 og 2010.

3

VURDERINGSTEMA

Brekke barnehage og skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Lesing som basisdugleik i barnehage og skule.

Dette er første gong at ein har same tema for både barnehage og skule og det er ei spennande utfordring når det skal munne ut i ein felles rapport. Skulen er godt i gang med arbeidet med vurderingstemaet, sidan kollegiet går på utdanning gjennom samarbeid mellom HAFS og høgskulen i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld temaet i barnehagen vil vi sei litt om korleis vi tolkar språkstimulering i barnehagen. Vi veit at born utviklar språk i samspel med andre menneske. Vi vil trekke fram seks måtar der barnehagen stimulerar basisdugleiken og førebur lese- og skriveopplæring på ein veldig god måte.

- Den gode samtalen(aktiv lytting, anerkjennande kommunikasjon)
- Rim og reglar, rytme
- Dikt og songar
- Forteljing og høgtlesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar. Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjonen som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen og skulen har ein eigen plan for leseutvikling / leseopplæring på alle nivå og i alle fag • Planverket vert jamleg vurdert • Utviklinga av lesedugleiken vert drøfta på fellesmøter / teammøter • Personalet vert oppmoda til å prøve ut nye idear i eigen praksis og dele erfaringar • Leiinga set pris på gode initiativ og praksis • Heile organisasjonen er kjende med metodane i leseopplæringa • Barnehagen og skulen nyttar samtale, vurdering og respons systematisk
Born sin rett til medverknad	<ul style="list-style-type: none"> • Det er god tilgang på bøker tilpassa alle • Borna får gode opplevingar gjennom fag- og skjønnlitterære tekstar • Borna kjenner til læringsmåla for økta / faget • Borna har medverknad innanfor økta / faget
Barnehagen og skulen sin metodikk gjer born til gode lesarar	<ul style="list-style-type: none"> • Borna har kjennskap til og brukar ulike lesestrategiar • Borna får ulike lese og tolkningsoppgåver • Borna får tilrettelegging for å kunne utvikle god lesedugleik • Heile kollegiet kjenner til ulike måtar for lesedugleik og har avklart kva metodar som skal vektleggast
Barnehagen og skulen samarbeidar med heimen om utviklinga av lesedugleiken til borna	<ul style="list-style-type: none"> • Pedagogane gjev tilbakemelding på lesedugleiken til borna • Foreldra kjenner til planen for utviklinga av lesedugleik på dei ulike nivåa • Heimen støttar borna i leseutviklinga • Heimen opplever at deira innsats støttar oppom leseglede og gode lesevanar

5

DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: Alle borna i barnehagen og på skulen; 0 – 16 år, assistentar, det pedagogiske personalet og foreldre /føresette
- Eksterne: Frå HAFS - vurderingsnettverk: Inger Vårdal, Inger Nyland, Anne Grethe Dale og Anne Kari Iversen

Grunngjeving for val av informantar

Det er første gong i HAFS -regionen at ein har vurdering frå barnehagen til og med ungdomstrinnet, der ein har det same temaet. Difor har vi valt å ta med alle borna som er involvert, det pedagogiske personalet, assistentar og foreldre / føresette som alle er viktige ressursar for kvarandre på denne oppvekststaden.



6

TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderarane på skulen i inntil 4 dagar. Skulen får rapporten rett etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 4 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR														
Dato 03.02.10	Avtale om møte med rektor og personale	Vurderarane														
Veke 7	Gjennomgang og fordjuping i vurderingstema. Val av metodar for informasjonsinnhenting.	Vurderarane														
Dato 15.02.10	Vurderarane møter personalet ved barnehagen og skulen.	Vurderarane														
Dato 15.02.10	Møte med plangruppa ved barnehagen og skulen. Mål med dette møtet er: <ul style="list-style-type: none"> - å avklara vurderingstemaet - å presentera kriterium for vurderingstemaet - å avklara kven som skal delta i vurderinga - å avklara ansvarsoppgåver for partane - å bli samde om tidsplan 	Vurderarane/ plangruppa														
Veke 7	Barnehagen og skulen får kriterieark.	Vurderarane														
Veke 9	Barnehagen og skulen drøftar kriteria og kjem med evt. endringar og tillegg	Rektor														
Veke 8	Skulen får materiell som skal fyllast ut for å gi vurderarane førehandsinformasjon	Vurderarane														
Veke 9	Retur av utfylte skjema og liknande	Rektor og lærerar														
Veke 10	Oppsummering av skjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarane														
Veke 11 Dato 15.03.10	Foreldremøte samla for både barnehagen og skulen klokka 19.00	Rektor/ vurderarane														
Dato 15.03.10 Skulen	<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr><td style="width: 20%;">08.55 – 9.35</td><td></td></tr> <tr><td>09.50 – 10.30</td><td></td></tr> <tr><td>10.30 – 11.10</td><td></td></tr> <tr><td>11.40 – 12.20</td><td>Observasjon</td></tr> <tr><td>12.20 – 13.00</td><td>Intervju personalet 3 stk</td></tr> <tr><td>13.15 – 13.55</td><td>Intervju personalet 3 stk</td></tr> <tr><td>14.10 – 14.50</td><td>Intervju personalet 3 stk</td></tr> </table>	08.55 – 9.35		09.50 – 10.30		10.30 – 11.10		11.40 – 12.20	Observasjon	12.20 – 13.00	Intervju personalet 3 stk	13.15 – 13.55	Intervju personalet 3 stk	14.10 – 14.50	Intervju personalet 3 stk	Administrasjonen set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
08.55 – 9.35																
09.50 – 10.30																
10.30 – 11.10																
11.40 – 12.20	Observasjon															
12.20 – 13.00	Intervju personalet 3 stk															
13.15 – 13.55	Intervju personalet 3 stk															
14.10 – 14.50	Intervju personalet 3 stk															
Dato 15.03.10 Barnehagen	Observasjonar og intervju med personalet i barnehagen															
Dato 16.03.10 Skulen	<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr><td style="width: 20%;">08.55 – 9.35</td><td>Intervju personalet 2 stk</td></tr> <tr><td>09.50 – 10.30</td><td>Intervju elevar 1. klasse</td></tr> <tr><td>10.30 – 11.10</td><td>Intervju elevar 4/5 klasse</td></tr> <tr><td>11.40 – 12.20</td><td>Intervju Elevar 2/3 klasse</td></tr> <tr><td>12.20 – 13.00</td><td>Observasjon</td></tr> <tr><td>13.15 – 13.55</td><td>Intervju Elevar 8/9 klasse</td></tr> <tr><td>14.10 – 14.50</td><td>Intervju assistentar 2 stk</td></tr> </table>	08.55 – 9.35	Intervju personalet 2 stk	09.50 – 10.30	Intervju elevar 1. klasse	10.30 – 11.10	Intervju elevar 4/5 klasse	11.40 – 12.20	Intervju Elevar 2/3 klasse	12.20 – 13.00	Observasjon	13.15 – 13.55	Intervju Elevar 8/9 klasse	14.10 – 14.50	Intervju assistentar 2 stk	Administrasjonen set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
08.55 – 9.35	Intervju personalet 2 stk															
09.50 – 10.30	Intervju elevar 1. klasse															
10.30 – 11.10	Intervju elevar 4/5 klasse															
11.40 – 12.20	Intervju Elevar 2/3 klasse															
12.20 – 13.00	Observasjon															
13.15 – 13.55	Intervju Elevar 8/9 klasse															
14.10 – 14.50	Intervju assistentar 2 stk															

Vurderingsnettverket

Dato 16.03.10 Barnehagen	Observasjonar, barneintervju og intervju med styrar		
Dato 17.03.10 Skulen	08.55 – 9.35	Observasjon	Administrasjonen set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
	09.50 – 10.30	Intervju elevar 6/7 klasse	
	10.30 – 11.10	Intervju 10. klasse	
	11.40 – 12.20	Observasjon	
	12.20 – 13.00	Intervju rektor	
	13.15 – 13.55	Observasjon	
	14.10 – 14.50	Oppsummering vedleggsrapport	
Dato 17.03.10 Barnehagen	Observasjonar og samtale med fungerande pedagogisk leiar i barnehagen		
Dato 18.03.10	12.30: Samtale med rektor der alle vurderarane er med 14:10: Framlegging av førebels rapport til personale.		Rektor/ vurderarar



Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, påstandskjema, individuelle- og gruppesamtalar, foreldremøte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Barnehagen og skulen sende vurderarane diverse relevante dokument. Resultat på nasjonale prøver hausten 2009, Kompetanseplan for både barnehagen og skulen, årsplanar for både barnehage og skule, generell informasjon om arbeidsplanar og vekeplanar, spesielt i faget norsk og matematikk.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderarane ut påstandsskjema til ein part i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar frå 4. til 10. klasse og returnert til vurderarane for oppsummering.

Oppsummering av påstandskjema

Oppsummeringa gav

- overflatekunnskap om tilgang på lesestoff
- innblikk i tilbakemelding til elevane frå vaksne
- innblikk i ulike måtar å lese på

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i Kunnskapsløftet, Rammeplan for barnehagane, skulen sitt tema og resultatet av første møte vurderarane hadde med skulen.

Observasjon

Vurderarane utarbeidde observasjonsskjema knytt til tema for vurderinga som vart brukt. Vurderarane laga ulike skjema til bruk i barnehagen og skulen.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderarane samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og borna. Vi laga også problemstillingar som vart presentert for foreldra på foreldremøtet.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå informantane, dokumentanalyse og påstandsskjema mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.

8 BARNEHAGEN OG SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon

- **Barnehagen og skulen har ein eigen plan for leseutvikling / leseopplæring på alle nivå og i alle fag**

Gjennom intervju av personalet og styrar har vi fått kjennskap til at det vert jobba med ein felles kommunal utviklingsplan, som omhandlar fagområda i Rammeplanen.

Dette har vi sett i planverket vi har fått tilgjengeleg

- **Utviklinga av lesedugleiken vert drøfta på fellesmøter /teammøter**

Lesedugleiken vert drøfta på personalmøta ikkje som eit eige punkt på saklista, men tema kjem opp når det vert snakka om enkeltborn. Dette har kome fram gjennom intervju med personale i barnehagen.

Gjennom intervju med lærarane kom det fram at ein drøftar utviklinga av lesedugleiken til borna på teammøter. Elevintervjua stadfestar at elevane har ei oppfatning av kor dei står i høve eigen lesedugleik.

- **Personalet vert oppmoda til å prøve ut nye idear i eigen praksis og dele erfaringar**

Personale fortel at dei får tips og tilbakemelding til vidare arbeid. Styrar går inn og støttar fagleg dersom det trengs. Personalet har fordelt ansvar for dei ulike "klubbane" og deler idear og praksis med kvarandre etterpå. Har av og til ideutveksling på personalmøta.

Dette har kome fram gjennom intervju med personalet i barnehagen og styrar.

Gjennom intervju seier leiinga ved skulen at personalet har frie hender til å prøve ut nye idear og utveksle erfaringar. Gjennom observasjon har vi sett gjennomføring av rettleialesing.

- **Leiinga set pris på gode initiativ og praksis**

Får tilbakemelding, både positiv og negativ, frå pedagogisk leiar og styrar. Vi vert synt tillit.

Dette har kome fram gjennom intervju med personalet og styrar i barnehagen

Alle i det pedagogiske personalet tek utdanning og leiinga registrerer at nokre er meir medviten i høve lesedugleiken.

- Heile organisasjonen er kjende med metodane i leseopplæringa

*Ja, personalgruppa er kjende med korleis dei skal jobbe med språkutvikling
Dette har kome fram gjennom intervju med personalet og styrar i barnehagen.*

Det pedagogiske personalet ved skulen tek utdanning i "Lesing i alle fag". Dette er eit godt utgangspunkt for at skulen kan utvikle sams metodar for utviklinga av lesedugleik.

- **Barnehagen og skulen nyttar samtale, vurdering og respons systematisk**

*Har planar om å innføre "fokustid" der det pedagogiske innhaldet og arbeid med borna vert diskutert. Personalet vert oppmoda om å notere tema som kan takast opp i dette fora.
Dette har kome fram gjennom intervju med personalet og styrar i barnehagen.*

Born sin rett til medverknad

- **Det er god tilgang på bøker tilpassa alle**

*Borna har tilgang til ulike bøker i lesekorven. Barnehagen nyttar biblioteket som ligg i same bygningsmasse.
Dette har kome fram gjennom observasjon, intervju med personalet og styrar i barnehagen.*

Vurderinga viser at det er god tilgang på bøker til den yngste aldersgruppa. Informantane seier at det er på gang innkjøp av faktabøker på nynorsk.

- **Borna får gode opplevingar gjennom fag- og skjønnlitterære tekstar**

Ja, borna får dagleg gode opplevingar gjennom høgtlesing .Både styrt og frivillig aktivitet er prega av leselyst. Det vert og nytta dramatisering av ulike eventyr. Dette har kome fram gjennom observasjon, intervju av born og personalet i barnehagen.

Informantane stadfestar at det er god tilgang på fagbøker, faktabøker og skjønnlitterære bøker. På dei lågaste stega såg vi god tilgang på bøker tilpassa alle. Informantane gav informasjon om at denne elevgruppa brukar biblioteket jamleg.

- **Borna kjenner til læringsmåla for økta / faget**

Gjennom stukturen i vekeplanen veit borna kva som skal skje dei ulike dagane. Dei eldste borna (førskuleborna) veit ein del av innhaldet i "klubben". Dette har kome fram gjennom observasjon og planar i barnehagen.

Observasjon viste at læringsmåla står på planen for dei yngste klassane. Alle elevane hadde ei oppfatning om at dei visste kva dei skulle lære. Dei eldre elevane refererte til læringsmåla i starten av nye kapittel i nye bøker. Læraren informerer om kva dei skal lære i timen eller i tema.

- **Borna har medverknad innanfor økta / faget**

Born vert oppmoda om å gjere eigne val og får bestemme innafor økta. Dette har kome fram gjennom observasjon i barnehagen.

Barnehagen og skulen sin metodikk gjer born til gode lesarar

- **Borna har kjennskap til, og brukar ulike lesestrategiar**

Borna "les" bøker for kvarandre. Leikar med rim og reglar. Dramatiserer eventyr i lag. Samtalar rundt teksten og får forklart nye ord og omgrep. Dette har kome fram gjennom observasjon, intervjuv med born og personalet i barnehagen.

Dei fleste informantane veit godt kva lesestrategiar er. Dette vert òg stadfesta i påstandskjemaet.

- **Borna får ulike lese og tolkingsoppgåver**

Førskulegruppa har eigne bøker som har ulike lese og tolkingsoppgåver. Tolking av eventyr gjennom teikning og dramatisering. Dette har kome fram gjennom observasjon og intervju i barnehagen.

Påstandskjema viser at elevane har rom for ulike lese og tolkingsoppgåver

- **Borna får tilrettelegging for å kunne utvikle god lesedugleik**

Det vert lagt tilrette for leik med lydar, ord og bokstavar. Tilgang til PC med ulike spel som går på språk og mengdetrening. Alfabetet og talrekka heng slik at barna kan peike på/ta på dei. Puslespel med alfabetet, rimlotto og magnetbokstavar. Dette har kome fram gjennom observasjon og intervju av born og personalet i barnehagen.

Alle informantane bekreftar at skulen jobbar godt med tilrettelegging for at elevane skal kunne utvikle god lesedugleik.

- **Heile kollegiet kjenner til ulike måtar for lesedugleik og har avklart kva metodar som skal vektleggast**

Personalet tek initiativ som kjem frå borna og responderar på det. Gode samtalar og aktiv lytting. Dette har kome fram gjennom observasjon og intervju med personalet i barnehagen.

Alle i vurderinga er kjend med at det pedagogiske personalet ved skulen tek utdanning. Observasjon viser oss at personalet nyttar ulike metodar og gjennom intervju kjem dette også fram.

Barnehagen og skulen samarbeidar med heimen om utviklinga av leseugleiken til borna

- **Pedagogane gjev tilbakemelding på leseugleiken til borna**

Ja, gjennom daglege samtalar, meldingsbøker (for bussborna) foreldresamtalar og individuelle samtalar etter behov. Foreldra får tilbakemelding på ting dei kan øve på heime, lydar m.m. Foreldra seier at barnehagen jobbar aktivt med språutviklinga. Dette har kome fram gjennom intervju av personalet i barnehagen og på foreldremøtet.

Elevintervjua bekreftar at borna får både god og rettleiande tilbakemelding på leseugleiken frå lærar.

- **Heimen støttar borna i leseutviklinga**

Ja, heimen støttar oppom bornas leseutvikling, og samarbeider m.a. med barnehagen når det gjeld å lære nye rim, regler og songar. Foreldra brukar spel og teikning og aktivitetsbøker og prøver å ha ein god kommunikasjon i heimen. Barnehagen kopierar songar, rim og reglar på baksida av vekeplanen slik at foreldre kan følge opp leseutviklinga i heimen. Det vert og gitt tips om lydar som det kan vere lurt å trene på. Dette har kome fram på foreldremøte, intervju av personale og styrar i barnehagen.

Alle elevintervjua viser at elevane får god støtte i heimen i utviklinga av leseugleiken. Borna fortalde og om at dei heime ifrå fekk hjelp til å skaffe dei bøkene dei ville lese.

- **Heimen opplever at deira innsats støttar oppom leseglede og gode lesevanar**

Gjennom intervju seier borna at foreldre hjelper dei med leksene når det er behov. Møte med foreldre viser at elevane får støtte i læringsarbeidet heime.

9	BARNEHAGEN OG SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET
----------	---

Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon

- **Barnehagen og skulen har ein eigen plan for leseutvikling / leseopplæring på alle nivå og i alle fag**

I årsplanen til Brekke barnehage finn vi ikkje noko om korleis ein jobbar med språk og spåkutvikling. I kompetanseplanen for 2008/2009 finn vi heller ikkje noko som går på dette temaet.

Vurderinga viser at det ikkje finnes ein plan, og skulen bør utvikle ein plan som syner progresjon på dei ulike trinna og i dei ulike faga.

- **Planverket vert jamleg vurdert**

Utifrå dei planane vi har fått, kan vi ikkje sjå at dei har vore jamleg vurderte.

Informantane har bekrefta at skulen har ikkje noko system for jamleg vurdering. Skulen bør utvikle eit system som sikrar systematisk vurdering i alle fag.

- **Utviklinga av lesedugleiken vert drøfta på fellesmøter**

Informantane informerte om at utvikling av lesedugleik ikkje er noko som står på saklista til personalmøtet. Dette bør vere med på saklista med jamne mellomrom, og ikkje berre i diskusjon rundt enkeltborn. Dette har kome fram gjennom intervju med personalet i barnehagen.

Vurderinga viser at fellesmøta ikkje vert brukt til å drøfte utviklinga av lesedugleiken. Nokre informantar gav utrykk for at ikkje alle i personalet var med på fellesmøta. Det kom òg fram at nokre ynskta ei sterkare styring av tid til å drøfte vurderingstemaet .

- **Leiinga set pris på gode initiativ og praksis**

Personalet ynskjer meir tilbakemeldig på arbeidet sitt. Dette har kome fram gjennom intervju med personale i barnehagen.

- **Heile organisasjonen er kjende med metodane i leseopplæringa**

Ikkje alle kjenner til korleis bruke det metodiske og teoretiske materiell som er tilgjengeleg. Dette kjem fram i intervju med personalet.

På grunn av manglande plan for leseutvikling, veit ikkje partane i vurderinga metodane andre brukar. Det er fritt fram for kvar lærar å gjere det dei vil og ein får ikkje noko struktur på leseopplæringa.

- **Barnehagen og skulen nyttar samtale, vurdering og respons systematisk**

Gjennom elevintervju og møte med foreldra kjem det fram at dei oppfattar ikkje at vurdering og respons av lesedugleiken er systematisk. Lærarane har ei litt anna oppfatning. Er elevane gode lesarar får ikkje alltid foreldre vite at dei er det, men skulen er flink til å ta tak i dei som treng ekstra trening på lesedugleiken.

Born sin rett til medverknad

- **Det er god tilgang på bøker tilpassa alle**

Vi ser at det med fordel kan vere eit breidare utval av bøker i barnehagen. Gjerne tilgjengeleg for borna fleire stader i barnehagen. Dette har kome fram gjennom observasjon i barnehagen.

I elevintervjua kom det fram at nokre av fagbøkene er gamle; RLE, naturfag. Dei eldste informantane hevda at det ikkje var så mykje litteratur som var tilpassa deira smak på bibiloteket.

- **Borna kjenner til læringsmåla for økta / faget**

Borna kan med fordel takast meir med i planlegginga av innhaldet i dei ulike aldersbestemte "klubbane" og i samlingsstund og i andre planlagde aktivitetar. Dette har kome fram gjennom observasjon og intervju med personalet i barnehagen

Elevintervjua viser at elevane veit kva dei skal gjere, men ikkje alltid kva dei skal lære. Dokumentanalyse og observasjon viser lite kunnskapsmål på planar.

- **Borna har medverknad innanfor økta / faget**

Borna kan med fordel takast meir med i planlegginga av innhaldet i dei ulike aldersbestemte "klubbane" og i samlingsstund og i andre planlagde aktivitetar. Dette har kome fram gjennom observasjon og intervju med personalet i barnehagen

Gjennom intervju med lærarane kjem det fram at elevane har avgrensa moglegheiter til å gjere val. Dette vart stadfesta i elevintervjua.

Barnehagen og skulen sin metodikk gjer born til gode lesarar

- **Heile kollegiet kjenner til ulike måtar for lesedugleik og har avklart kva metodar som skal vektleggast**

Vurderinga viser at det ikkje er avklart kva metodar som skal vektleggast. Dette er noko som kan sikrast gjennom ein progresjonsplan for utviklinga av lesedugleiken, jamfør kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

Barnehagen og skulen samarbeidar med heimen om utviklinga av lesedugleiken til borna

- **Pedagogane gjev tilbakemelding på lesedugleiken til borna**

Informantane føler ofte at dei ikkje veit så mykje. Ikkje gode nok rutinar for at tilbakemeldinga er i system og sikra at alle partar får den informasjonen dei ynskjer, t.d. informasjon om at elevane har tatt kartleggingsprøvar.

- **Foreldra kjenner til planen for utviklinga av leseugleik på dei ulike nivåa**

Foreldra er heilt trygg på at barnehagen har ein slik plan, men det ser ein ikkje ut i frå planverket som vi har hatt tilgjengeleg.

Dette har kome fram gjennom foreldremøte, planverk og intervju av personale og styrar i barnehagen.

Vurderinga viser at det ikkje er nokon plan og at denne kunne vere eit ledd der foreldra kunne oppdatere seg om leseugleik og kva progresjon borna skal ha.

10	IDEAR TIL VIDARE ARBEID
-----------	--------------------------------

Utviklingsområde	Idear
Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> -lage ein progresjonsplan som syner kva borna skal lære frå 0 til 16 år - praktisere lese og læringsstrategiar i alle fag og på alle steg - jobbe for å få eit tettare samarbeid mellom alle på oppvekststaden, både born og vaksne (sjå reportasje i BT onsdag 17.03. "Danser med fjortiser") - tilsette i barnehagen bør få delta på skulen sine planleggingsdagar der dette er naturleg
Born sin rett til medverknad	<ul style="list-style-type: none"> - gje borna moglegheiter til at dei til tider kan velje strategi og arbeidsmåte/metode for korleis innlæringa skal føregå - gjere borna medvitne om at dei faktisk gjer egne val
Barnehagen og skulen sin metodikk gjer born til gode lesarar	<ul style="list-style-type: none"> -lærer må i si tilbakemelding til elevane og heimen vere konkret på kva som er bra og kva som må øvast meir på, opp mot avtala mål - bøker kan med fordel vere tilgjengeleg fleire plassar i barnehagen. Utlånsbøker bør plasserast slik at borna kan gjere egne val. - mange av bøkene på biblioteket appellerer til dei yngste elevane, medan dei eldste gjev uttrykk for at det ikkje er så mange aktuelle bøker. Dette kan skulen vurdere nærmare - barnehagen bør jobbe for å få ein "rein" lesebok, utan andre uromoment
Barnehagen og skulen samarbeidar med heimen om utviklinga av leseugleiken til borna	<ul style="list-style-type: none"> - informere heimane om kva metodar ein nyttar for å utvikle leseugleiken -faste rutinar for tilbakemeldingar til heimane når det t.d. har vore gjennomført kartleggingsarbeid

11 OPPSUMMERING

Brekke skule og barnehage har valt eit tema til vurdering som dei har starta arbeidet på. Barnehagen har jobba i lengre tid med å gje borna eit godt grunnlag for å utvikle ein god lesedugleik seinare i livet. Skulen har sendt alle pedagogane sine på utdanning om temaet og vurderinga viser at mange pedagogar har starta å bruke dette i praksis.

Positivt at Gulen kommune jobbar med ein felles utviklingsplan for barnehagane som mellom anna går på dei 7 fagområda i Rammeplanen.

Brekke barnehage og skule har gode utviklingsmogelegheiter innanfor vurderingstemaet og det viktigaste arbeidet er kanskje å jobbe med å lage ein god progresjonsplan for korleis dei vil ha lesedugleiken sin på dei ulike aldersstega.

Noko anna ein bør jobbe med er å få til eit tettare samarbeid mellom barnehagen og skulen. Sidan dei ligg i same "tun" er det eit stort utviklingspotensiale som ein kan jobbe mykje med.

Seks månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Brekke 18. mars 2010

Inger Nyland
Vurderingsnettverket Skuleregion HAFS

Inger Vårdal
Vurderingsnettverket Skuleregion HAFS

Anne Grethe Dale
Vurderingsnettverket Skuleregion HAFS

Anne Kari Iversen
Vurderingsnettverket Skuleregion HAFS

Aktuelle vedlegg:

- 1.Intervju/samtaleguide for borna skule
- 2.Intervju/samtaleguide for borna barnehage
- 3.Intervju/samtaleguide for foreldra
- 4.Intervju/samtaleguide for tilsette skulen
- 5.Intervju/samtaleguide for tilsette barnehagen
- 6.Observasjonsskjema i barnehagen
- 7.Observasjonsskjema i skulen
8. Intervju/samtaleguide for styrar / rektor
- 9.Påstandsskjema for 4. -10. trinn (delt i 2)

VEDLEGG 1

Samtale guide –elevar skule

<p>Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Veit du at det går an å lese på ulike måtar? • Kven snakkar du med om korleis lesedugleiken din er? • Kor ofte får du karakter på det du les? (ungdomsstrinnet) • Kva gjer de etter at de har lese noko høgt i klassen i t.d. naturfag og norsk?
<p>Born sin rett til medverknad</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kva synest du om bøkene i dei ulike faga og på skulebiblioteket? • Kva synest du om fagbøkene og bøkene på skulebiblioteket • Veit du kva du skal lære i dei ulike timane og dei ulike faga? • Kva kan du vere med å bestemme i timane på skulen?
<p>Barnehagen og skulen sin metodikk gjer elevane til gode lesarar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kva veit du om lesestrategiar? • Kan du lese ei oppgåve i matematikk på same måten som du les ei norsk eller samfunnsfagsoppgåve? Forklar kva du tenkjer om dette. • Veit læraren kva du treng å øve på for at du skal verte ein betre lesar? • Vert responsen på lesedugleiken gitt skriftleg eller munnleg? (ungdomsstrinnet)
<p>Barnehagen og skulen samarbeider med heimen om utviklinga av lesedugleiken til borna.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Snakkar de om lesedugleiken på vurderingssamtalen der foreldra din e er med? • Kven hjelper deg med leksene heime?

Vedlegg 2:

Intervjuguide – borna i Brekke barnehage

1. Kva er det kjekkaste de gjer på i barnehagen?
2. Får de lov å bestemme kva de vil gjere i barnehagen? Viss ikkje, kven bestemmer mest i barnehagen?
3. Har de mange bøker i barnehagen og veit de kor biblioteket er?
4. Får de lov til å lese bøker kor de vil og når de vil?
5. Kva bøker syns de er kjekke å lese?
6. Kven er det som les bøker til dykk i barnehagen?
7. Har de nokon favoritteventyr?
8. Kven kan lære meg ein elling?
9. Eg synst det er moro å rime, no lurar eg på om de veit noko som rimar på....
10. Har de ein song de likar godt? Eller kan de ein songleik?
11. Har de bøker med i sekken når de går på tur?
12. Kan de fortelje meg kva de jobbar med i førskulegruppa?
13. Greier du å klappe namnet ditt? Og greier de å skrive bokstavane dykkar?
14. Får de bruke PC i barnehagen, (evt. kva gjer de på den)?

Vedlegg 3:

Foreldremøte 15.03.10.

Vurderingstema: Lesing som basisdugleik i barnehage og skule

Språkstimulering i barnehagen

Vi veit at born utviklar språk i samspel med andre menneske. Vi vil trekke fram seks måtar der barnehagen stimulerar basisdugleiken og førebur lese- og skriveopplæring på ein veldig god måte.

- Den gode samtalen(aktiv lytting, anerkjennande kommunikasjon)
- Rim og reglar, rytme
- Dikt og songar
- Forteljing og høgtlesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket

Spørsmål til foreldremøte:

1. Sei noko positivt om Brekke barnehage og skule.
2. Korleis opplever de som foreldre at Brekke barnehage støttar opp om leseglede og gode lesevanar.
3. På kva måtar gir barnehagen tilbakemelding på borna sin lesedugleik? (jamfør dei 6 punkta over)
4. Sei noko om korleis de som foreldre og støttar borna i leseutviklinga?
5. Kjenner foreldra til om barnehagen har ein plan for korleis jobbe med språkutvikling/ lesedugleik?
6. Korleis vert de kjende med metodane for leseopplæringa?
7. Korleis får de tilbakemeldingar på lesedugleiken til barnet ditt?
8. Korleis opplever de samarbeidet med skulen om utviklinga av lesedugleiken?

Vedlegg 4:
Samtale guide –pedagogar i skulen

<p>Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fortel litt om planen du/skulen har for leseutvikling/leseopplæringa på dei ulike nivåa og for dei ulike faga? • Kor ofte vert denne planen vurdert/ vurderer du arbeidet du gjer i høve utvikling av lesedugleiken? • Korleis drøftar de lesedugleiken på fellesmøter/ teammøter? • Korleis får de høve til å utveksle idear frå eigen praksis og dele erfaringar med kvarandre? • Korleis jobbar de for at heile organisasjonen skal verte kjende med metodane skulen nyttar i leseopplæringa? • Korleis nyttar de samtale, vurdering og respons systematisk i utviklinga av lesedugleiken?
<p>Born sin rett til medverknad</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Synest du bøkene i dei ulike faga er tilpassa elevane si utvikling? • I kva grad meiner du at fagbøkene og bøkene på skulebiblioteket er med på å gi borna gode opplevingar? • Korleis gjer du borna kjende med læringsmåla for økt/faget? • Korleis tilrettelegg du for at borna skal vere med å bestemme i timane?
<p>Barnehagen og skulen sin metodikk gjer elevane til gode lesarar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kva veit du om lesestrategiar? • Korleis arbeider du med at borna skal få ulike lese og tolkingsoppgåver? • Korleis arbeider de for at borna skal utvikle god lesedugleik?
<p>Barnehagen og skulen samarbeider med heimen om utviklinga av lesedugleiken til borna.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis gjev de heimane tilbakemeldingar om lesedugleiken til borna? • Korleis tilrettelegg de for at foreldra også skal kjenne til utviklinga av lesedugleiken? • Korleis opplever de at heimane støttar opp om lesedugleiken til borna?

VEDLEGG 5:

Intervjuguide personalet barnehagen

1. Kjenner du/de til om Gulen kommune har ein plan for lese- og skriveopplæring for barnehage og skule?
2. Kva finns av planverk i Brekke barnehage/skule, når det gjeld å jobbe med born si lese- og skriveopplæring?
3. Har Brekke barnehage og skule hatt felles personalmøte evt planleggingsdag, der lese- og skriveopplæring har vore tema?
4. Har rektor/styrar tatt opp lesedugleiken, som eit tema de skal jobbe spesielt med i barnehagen?
5. Kor ofte diskuterar personalet språkmiljøet i barnehagen?
6. Er styrar med på desse møta?
7. På kva måte viser leiinga at det vert sett pris på gode initiativ og praksis?
8. Korleis jobbar de i barnehagen med leselyst og lesedugleik?
9. Er alle i personalgruppa kjend med korleis ein jobbar med dette temaet?
10. Kor ofte vert lesedugleiken til kvart enkelt born diskutert i personalgruppa?
11. Har de god tilgang på bøker som er tilpassa alderen til barna i barnehagen?
12. Får barna vere med på å bestemme kva ein les i barnehagen?
13. Korleis vert barna tatt me i planlegging og gjennomføring (t.d samling, førskulegruppe, turar, arrangement, andre ting..)
14. Korleis vert borna gitt medverknad, når det gjeld lesing og språkutvikling i barnehagen?
15. Korleis får de tak i borna sine tankar og interesser for lesing og det de les i lag?
16. Kva finns av metodisk og teoretisk materiell om språkutvikling for førskuleborn i barnehagen?
17. Kven kjenner til og kan bruke desse metodane?
18. Korleis vert TRAS- materialet nytta?
19. Vert informasjonen og kartlegginga overført til skulen?

20. Kva slags strategiar/metodar vert nytta for å sikre at alle born får jamnleg og gode leseopplevingar? (korleis sikre seg at alle borna får leseopplevingar)
21. Fortel om ulike strategiar/metodar som vert brukt i lese- og skriveopplæringa i barnehagen?
22. Er dette strategiar/metodar som rektor/styrar har rettleia dykk i?
23. Korleis er samarbeidet med heimen når det gjeld born si basisutvikling i lesing?
24. Får foreldra dagleg tilbakemelding om kva bøker barna liker å lese, om dei har lært nye rim og reglar eller songleikar m.m.
25. Korleis nyttar de biblioteket i barnehagekvardagen?
26. Korleis er samarbeidet med PPT, når det gjeld kartlegging og oppfyljing av ulike typar språkvanskar?
27. Kva for erfaringar har de med dette arbeidet og korleis vert det nytta vidare?

Vedlegg 6:

OBSERVASJON - SKJEMA

OBSERVASJON – BREKKE BARNEHAGE

Korleis er det lagt til rette for lesing?	Korleis vert det jobba med lesedugleiken?
Korleis er det lagt til rette når det gjeld lese krok med skjerming, ro og lys?	Ser vi at personalet nyttar språkleikar eller at dei leikar med bokstavar og lydar?
Korleis ser vi at det er lagt til rette når det gjeld tid og rom for leseaktivitet i løpet av ein barnehagedag?	Korleis er praten/samtalen mellom born og personalet i dei daglege kvardagssituasjonane?

<p>Korleis ser vi at borna vert oppmuntra til å lese?</p>	<p>Ser/høyrer vi at det vert brukt ellingar, rim og regler ?</p>
<p>Kor ofte ser vi at born vel bøker av eige initiativ?</p>	<p>Ser vi spontane lese- og skrive aktivitetar i barnehagekvardagen?</p>
<p>Korleis ser vi at born vert møtt av vaksne i ulike språstimulerande situasjonar</p>	<p>Korleis ser vi at borna vert oppmuntra til å fortelje?</p>
<p>Korleis ser vi at det er god tilgang på bøker tilpassa alle born?</p>	<p>Korleis ser vi at personalet brukar ulike strategiar og metodar når det gjeld språkstimulering?</p>
<p>Korleis ser vi at det er tid til refleksjon og vurdering?</p>	<p>Korleis ser vi at borna har med bestemming og kjenner til målet med t.d. leseøkta (samling)?</p>
<p>Korleis ser vi at borna får gode leseopplevingar og korleis samtalar dei om det etterpå?</p>	<p>Korleis ser vi at det vert jobba i førskulegruppa?</p>

Vedlegg 7:

Observasjonsskjema skule

Kva står det om lesing på årsplanar, vekeplanar og arbeidsplanar?

Kva finn ein av ulike bøker (skjønnlitterære, fagbøker, teikneseriar, og liknande) i klasserom, bibliotek og fellesrom?

Kva gjer elevane på biblioteket?

Er det samtale, refleksjon eller diskusjon i klasserommet?

Observerer du at læraren les?

Les elevane anna enn skulebøker?

Vedlegg 8:

Intervjuguide rektor/styrar

1. Kjenner du til om Gulen kommune har ein plan for lese- og skriveopplæring for barnehage og skule?
2. Kva finns av planverk i Brekke barnehage/skule, når det gjeld å jobbe med born si lese- og skriveopplæring?
3. Har Brekke barnehage og skule hatt felles personalmøte evt planleggingsdag, der lese- og skriveopplæring har vore tema?
4. Har du tatt opp lesedugleiken, som eit tema dei skal jobbe spesielt med i barnehagen?
5. Kor ofte diskuterar du språkmiljøet med personalet i barnehagen?
6. På kva måte set du pris på gode initiativ og praksis?
7. Korleis jobbar dei i barnehagen med leselyst og lesedugleik?
8. Veit du om alle i personalgruppa er kjend med korleis ein jobbar med dette temaet?
9. Kor ofte vert lesedugleiken til kvart enkelt born diskutert i personalgruppa?
10. Veit du om det er god tilgang på bøker som er tilpassa alderen til barna i barnehagen?
11. Veit du om barna får vere med på å bestemme kva ein les i barnehagen?
12. Korleis vert barna tatt me i planlegging og gjennomføring (t.d samling, førskulegruppe, turar, arrangement, andre ting..)

13. Veit du korleis borna har medverknad, når det gjeld lesing og språkutvikling i barnehagen?
14. Veit du kva som finns av metodisk og teoretisk materiell om språkutvikling for førskuleborn i barnehagen?
15. Kven kjenner til og kan bruke desse metodane?
16. Korleis vert TRAS- materiellet nytta?
17. Vert informasjonen og kartlegginga overført til skulen?
18. Veit du kva slags strategiar/metodar som vert nytta for å sikre at alle born får jamnleg og gode leseopplevingar? (korleis sikre seg at alle borna får leseopplevingar)
19. Korleis er samarbeidet med heimen når det gjeld born si basisutvikling i lesing?
20. Korleis er samarbeidet med PPT, når det gjeld kartlegging og oppfyljing av ulike typar språkvanskar?
21. Kva for erfaringar har de med dette arbeidet og korleis vert det nytta vidare?

Samtale guide -rektor

Barnehagen og skulen er ein lærande organisasjon

Fortel litt om planen for leseutvikling/leseopplæringa på dei ulike nivåa og for dei ulike faga?

Kor ofte vert denne planen vurdert/ vurderer du arbeidet du gjer i høve utvikling av lesedugleiken?

Korleis legg du til rette for at personalet skal få prøve ut nye idear i eigen praksis og å kunne dele erfaringar med kvarandre?

Korleis legg du tilrette for at heile organisasjonen skal verte kjende med metodane skulen nyttar i leseopplæringa?

Born sin rett til medverknad

Korleis synest du bøkene i dei ulike faga er tilpassa elevane si utvikling?

I kva grad meiner du at fagbøkene og bøkene på skulebiblioteket er med på å gi borna gode opplevingar?

Kvifor har de to bibliotek på skulen?

Korleis gjer du borna kjende med læringsmåla for økt/faget?

Korleis tilrettelegg du for at borna skal vere med å bestemme i timane?

Barnehagen og skulen sin metodikk gjer elevane til gode lesarar

Fortel korleis lærarane har fått kunnskapar om ulike lesestrategiar og korleis ein kan bruke desse?

Korleis legg du økonomisk til rette for at borna skal få utvikle leseugleik på din skule?

Kva kan du bidra med for at borna skal utvikle god leseugleik?

Barnehagen og skulen samarbeider med heimen om utviklinga av leseugleiken til borna.

Kva gjer du for at foreldra skal kjenne til planen for utviklinga av leseugleiken til borna?

Korleis opplever du at heimane støttar opp om leseugleiken til borna?



Vedlegg 9:

Påstandskjema for elevar; 4.-7.klasse

Set kryss på ein skala frå 1-5 der 1 er heilt ueinig og 5 er einig.

Skriv det du meiner er rett.

Skriv ikkje namn på skjema, men skriv kva klasse du går i.

Eg går i _____ klasse.

Vurderingstema: **Lesing som basisdugleik i barnehage og skule**

Påstand	Ueinig 1	2	3	4	Einig 5
Skulen vår har godt utval av lesestoff					
Heime les eg meir enn berre skulebøker					
Eg synes det er kjekt å lese					
Eg kan bestemme sjølv når eg vil lese					
Eg kan vere med å bestemme kva eg vil lese					
Eg veit kva vi meiner med lesestrategi (til 6. og 7.)					
Eg hugsar att det eg les					
Det er avsett tid til å snakke om kva vi har lese etter kvar økt					
Eg har fått prøvd ut ulike måtar å lese på					
Eg har fått prøvd å lese i ulike omgjevnader; ligge, sitte på stol, musikk på øyre, etc.					
Alle lærarane veit korleis eg likar best å lese for å lære					
Eg får alltid tilbakemeldingar på korleis eg les i norsk					
Eg får tilbakemeldingar i alle fag på korleis eg les					
Skulen /klassen har jamleg lesetestar i ulike fag					
Eg snakkar med lærar min om kor god eg er til å lese på elevsamtalen					

Påstandskjema for elevar; 8.-10.klasse

Set kryss på ein skala frå 1-5 der 1 er heilt ueinig og 5 er einig.
 Skriv det du meiner er rett.
 Skriv ikkje namn på skjema, men skriv kva klasse du går i.

Eg går i _____ klasse.

Vurderingstema: **Lesing som basisdugleik i barnehage og skule**

Påstand	Ueinig 1	2	3	4	Einig 5
Skulen vår har godt utval av lesestoff					
Heime les eg meir enn berre skulebøker					
Eg synes det er kjekt å lese					
Eg kan bestemme sjølv når eg vil lese					
Eg kan vere med å bestemme kva eg vil lese					
Eg veit kva vi meiner med lesestrategi					
Eg hugsar att det eg les					
Det er avsett tid til å diskutere kva vi har lese etter kvar økt					
Eg har fått prøvd ut ulike måtar å lese på					
Eg har fått prøvd å lese i ulike omgjevnader; ligge, sitte på stol, musikk på øyre, etc.					
Alle lærarane veit korleis eg likar best å lese for å lære					
Eg får alltid tilbakemeldingar på korleis eg les i norsk					
Eg får tilbakemeldingar i alle fag på korleis eg les					
Skulen /klassen har jamleg lesetestar i ulike fag					
Eg drøftar lesedugleiken min med lærar på elevsamtalen					